



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 104 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Finansiering og utbygging av rv 2 Kongsvinger (Kurusand) – Slomarka i Hedmark

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 15. april 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utbygging av rv 2 på strekningen Kongsvinger – Slomarka i Hedmark. Dette er andre etappe av utbygginga av rv 2 mellom Kongsvinger og Kløfta i Hedmark og Akershus. Finansieringa av prosjektet er basert på statlege midlar og bompengar.

Rv 2 Kongsvinger – Kløfta er lokalpolitisk vurdert som eitt bompengeprojekt. Det er lokal tilslutning til at utbygginga av heile strekningen skal delfinansierast med bompengar. Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 47 (2003-2004) slutta Stortinget seg til eit opplegg for delvis bompengefinansiering av strekningen Kløfta – Nybakk. Gjennom behandlinga av St.prp. nr. 64 (2004-2005) blei utbyggingsstandarden for strekningen endra frå tofelts veg til smal firefeltveg med breidde 16 m. Første del blei opna for trafikk i 2006, og heile strekningen sto ferdig i 2007.

I St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019 er det lagt til grunn at utbygginga av rv 2 mellom Kongsvinger og Kløfta skal vidareførast i første fireårsperiode. Det er lagt til grunn statlege midlar til anleggsstart på strekningen Kongsvinger – Slomarka i første fireårsperiode under føresetnad av tilslutning til eit opplegg for delvis bompengefinansiering av prosjektet.


Fylkestinga i Hedmark og Akershus har seinare slutta seg til eit slikt opplegg.

Samferdselsdepartementet legg opp til at anleggsarbeida på strekningen Kongsvinger – Slomarka kan starta i 2011, og at prosjektet kan opnast for trafikk hausten 2014.

2 Dagens situasjon og omtale av utbygginga

Rv 2 er eit viktig regionalt samband frå Solør/Glomdalsregionen til Oslo/Akershus, og er mellomriksveg til Sverige. Vegen har i tillegg ein funksjon som lokalveg, og på lange strekningar er det bustader langs vegen, mange avkøyrslar og manglande tilbod for gåande og syklende. Det ligg føre planar om å forlengja E16 frå Hønefoss til Gävle i Sverige. Dersom desse planane blir realiserte, vil rv 2 bli ein del av ein framtidig E16 mellom Gävle og Bergen.

Rv 2 mellom Kongsvinger og Kløfta er om lag 60 km og har ein årsdøgntrafikk (ÅDT) som varierer mellom 7 000 og 14 000 køyretøy. Det er nedsett fartsgrense på 55 pst. av strekningen, og årleg er det rundt 20 ulukker med personskade. I perioden 1996-2010 er 13 personar blitt drepne i trafikkulukker, medan 47 personar er blitt hardt skadde. Ny trasé vil betra situasjonen for trafikken mellom Oslo og Kongsvinger/Sverige, og vil føra



Figur 2.1 Kongsvinger – Kløfta

til redusert ulukkesrisiko både på eksisterende rv 2 som blir lokalveg med gang- og sykkelvegfunksjon, og på ny rv 2.

Strekninga frå Kurusand i Kongsvinger til Slomarka i Sør-Odal er om lag 16,5 km lang. Ny veg blir bygd langs fv 175 (riksveg før 2010) og kryssar Glomma med ny bru. Ny veg gjennom Sør-Odal blir bygd langs noverande rv 2 nord for Glomma. I tillegg inngår m.a. bygging av tre planskilte kryss og ei omfattande omlegging av fylkesvegar, kommunale vegar og private tilkomstvegar. Vegen skal byggast som firefelts veg med vegbreidde 16,5 m. Prosjektet tar om lag 1000 daa matjord. Kongsvinger kommune godkjende reguleringsplan for rv 2 Kurusand – Sør-Odal grense 11. desember 2008. Sør-Odal kommune godkjende reguleringsplan for rv 2 Kongsvinger grense – Slomarka 18. desember 2008.


Det er gjennomført utvida ekstern kvalitetssikring av prosjektet. Det er semje mellom Statens vegvesen og dei eksterne kvalitetssikrarane om styringsramme og kostnadsramme. Etter dette legg Samferdselsdepartementet til grunn ei styringsramme på 1 620 mill. 2009-kr og ei kostnadsramme på 1 730 mill. 2009-kr. Omrekna til 2011-prisnivå er styringsramma 1 700 mill. kr og kostnadsramma 1 816 mill. kr.

Netto nytte for prosjektet (NN) er rekna til om lag -210 mill. 2010-kr. Netto nytte over budsjettkostnad (NNB) er rekna til om lag -0,25. Netto nytte over totale kostnader er rekna til -0,13.

3 Lokalpolitisk handsaming

Hedmark fylkeskommune behandla finansieringsopplegget for rv 2 Kongsvinger – Slomarka i møte i fylkestinget 28. september 2009 og fatta følgjande vedtak:

1. Fylkestinget slutter seg til Statens vegvesen vurdering om at utbygging av Rv 2 på strekningen Kløfta-Kongsvinger fortsetter med parsellen Slomarka-Kongsvinger. Hele strekningen Kløfta-Kongsvinger forutsettes delfinansiert med inntil 60 % bompenger.
2. Fylkestinget godtar at det ved åpning av parsellen Slomarka-Kongsvinger opprettes bomstasjoner på ny rv 2 og rv 175 i området ved SIVA og på dagens rv 2 i området ved Øyset. Takst for lette kjøretøyer skal være kr. 30,- og for tunge kjøretøy kr. 60,- (2009-prisnivå).
3. Fylkestinget forutsetter at bompengeperioden settes til 15 år.
4. Fylkestinget forutsetter at det etableres en felles abonnementsordning for rv 2 med rabatter i samsvar med gjeldende takstretningslinjer for bompengeanlegg.
5. Fylkestinget godtar at inntekter fra de forskjellige bomstasjonene på Rv 2 kan brukes til å betjene den samlede lånegjelden i bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS".
6. Fylkestinget godtar at bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS" forskotterer midler til planlegging av parsellen Slomarka-Nybakk.



Figur 3.1 Kongsvinger – Slomarka

7. Fylkestinget vedtar at Hedmark fylkeskommune stiller garanti ved selvskyldnerkausjon for låneopptak i bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS" på til sammen 900 mill. kroner for parsell 1 og 2 (inkludert garanti ved simpel kausjon på 260 mill. kroner vedtatt i sak 31/03). Det forutsettes at Akershus fylkeskommune stiller tilsvarende garanti slik at maksimalt låneopptak for bompengeselskapet blir 1.800 mill. kroner.

Akershus fylkeskommune behandla finansieringsopplegget for rv 2 Kongsvinger – Slomarka i møte i fylkestinget 29. oktober 2009 og fatta følgende vedtak:

1. Fylkestinget slutter seg til Statens vegvesen vurdering om at utbygging av rv 2 på strekningen Kløfta-Kongsvinger fortsetter med parsellen Slomarka-Kongsvinger. Hele strekningen Kløfta-Kongsvinger forutsettes delfinansiert med inntil 60 % bompenger.
2. Fylkestinget godtar at det ved åpning av parsellen Slomarka-Kongsvinger opprettes bomstasjoner på ny rv 2 og rv 175 i området ved SIVA og på dagens rv 2. Fylkesutvalget ber om at det tas kontakt med Hedmark fylkeskommune og Vegfinans for å se på mulighetene for å samordne takst- og betalingsordning i vår region.

3. Fylkestinget forutsetter at bompengeperioden settes til 15 år.

4. Fylkestinget forutsetter at det etableres en felles abonnementsordning for rv 2.

5. Fylkestinget godtar at inntekter fra de forskjellige bomstasjonene på rv 2 kan brukes til å betjene den samlede lånegjelden i bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS".

6. Fylkestinget godtar at bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS" forskotterer midler til planlegging av parsellen Slomarka-Nybakk.

7. Fylkestinget vedtar at Akershus fylkeskommune stiller garanti ved selvskyldnerkausjon for låneopptak i bompengeselskapet "Rv 2 Kongsvingervegen AS" på til sammen 900 mill. kroner for parsell 1 og 2 (inkludert garanti ved simpel kausjon på 260 mill. kroner vedtatt i sak 32/03). Garantien gjelder i 15 år. Det forutsettes at Hedmark fylkeskommune stiller tilsvarende garanti slik at maksimalt låneopptak for bompengeselskapet blir 1.800 mill. kroner.

Kongsvinger og Sør-Odal kommunar har ved vedtak i kommunestyra høvesvis 18. og 25. juni 2009 slutta seg til bompengelopplegget for utbyggingstappen Kongsvinger – Slomarka. Vidare har Nord-Odal og Grue kommunar slutta seg til utbygginga.

Sidan vedtak 2 og 4 til fylkeskommunane ikkje var i samsvar med kvarandre, har spørsmålet om rabattstruktur blitt behandla på nytt i dei aktuelle kommunane og fylkeskommunane.

Akershus fylkesting behandla saka i møte 16. desember 2010 og fatta følgjande vedtak:

Fylkestinget vedtar at det legges til grunn en flat rabattstruktur med 10 % rabatt til brikkebrukere for Rv 2 parsellen Kongsvinger – Slomarka. Tilsvarende rabattstruktur innføres også på Rv 2 parsellen Kløfta – Nybakk når parsellen Kongsvinger – Slomarka åpnes.

Hedmark fylkesting behandla saka i møte 6. – 8. desember 2010 og fatta følgjande vedtak:

Fylkestinget slutter seg til Statens vegvesens anbefaling i brev av 03.11.2010 om at det legges til grunn en flat rabattstruktur med 10 % rabatt til brikkebrukere for Rv 2 parsellen Kongsvinger – Slomarka. Tilsvarende rabattstruktur innføres også på Rv 2 parsellen Kløfta – Nybakk når parsellen Kongsvinger – Slomarka åpnes.

Kongsvinger, Sør-Odal, Nes, Grue og Ullensaker kommunar har ved vedtak i kommunestyra høvesvis 7. desember 2010, 30. november 2010, 14. desember 2010, 22. november 2010 og 31. januar 2011 slutta seg til det nye forslaget til rabattstruktur for dei to prosjekta.

4 Trafikkgrunnlag

Trafikkanalysen frå Statens vegvesen er basert på bruk av Regional transportmodell (RTM) og med tilleggsvurderingar baserte på trafikkteijingar, framskrivingar og elastisitetsberekningar.

Dersom utbygginga ikkje blir gjennomført, er det i 2014 rekna med ein årstdøgntrafikk (ÅDT) på til saman 11 700 køyretøy på rv 2 ved Øyset og fv 175 ved SIVA, der framtidige bomstasjonar er føresett plasserte. Utbygging av rv 2 vil føra til auka trafikk. Samtidig vil innføring av bompengar føra til trafikkavvising ved overføring til alternative vegruter, ved at nokre reiser går til andre destinasjonar og nokre trafikantar vel andre transportmiddel, som buss og tog. Nettoverknaden er vurdert til å bli negativ, dvs. at det blir avvist meir trafikk ved å innføra bompengar enn trafikkauken som følgje av utbygginga. Utrekningar viser at både langdistansetrafikken og kollektivtrafikken i liten grad blir påverka av utbygginga og innføring

av bompengar, medan den regionale trafikken blir påverka i større grad.

Etter bygging av ny rv 2 på strekninga Kongsvinger – Slomarka vil trafikken fordela seg på ny rv 2, noverande rv 2 og fv 175. Med dei bompengetakstane som er lagt til grunn i denne proposisjonen, er det rekna med ein ÅDT på til saman 9 900 køyretøy gjennom bomstasjonane i opningsåret 2014. ÅDT vil passera 12 000 køyretøy når bompengeneinnkrevjinga blir avslutta.

For den generelle trafikkutviklinga er prognosane som blei utvikla for Hedmark i samband med Nasjonal transportplan 2010-2019, lagt til grunn. Det er rekna med ein årleg gjennomsnittleg trafikkauke på 1,4 pst. i 2010-2013, 0,9 pst. i 2014-2019, 1,1 pst. i 2020-2029 og deretter 0,7 pst.

Den eksterne kvalitetssikringa har også omfatta trafikkgrunnlaget. I utgangspunktet var det lagt til grunn ein rabattstruktur med 30-50 pst. rabatt ved inngåing av avtale med bompengeselskapet. Etter den eksterne kvalitetssikringa har det blitt vedteke å endra rabattstrukturen til 10 pst. rabatt for alle køyretøy med brikke, jf. lokalpolitiske vedtak i desember 2010. Konsekvensen av endra rabattstruktur er lågare grunntakst. Endra rabattstruktur blir ikkje vurdert å medføra nokon vesentleg endring i årstdøgntrafikken.

5 Utbyggings- og finansieringsopplegg

Bompengeselskapet Rv2 Kongsvingervegen AS blei oppretta i 2000 med Akershus og Hedmark fylkeskommunar som eigarar. Selskapet skal vera bompengeselskap for utbygginga av rv 2 på heile strekninga Kongsvinger – Kløfta.

I fylkeskommunane sitt forslag til bompengereordning er det lagt til grunn eit bompengebidrag på inntil 60 pst. med utgangspunkt i utbygging av rv 2 på heile strekninga Kongsvinger – Kløfta.

Utbygginga av rv 2 på strekninga Kongsvinger – Slomarka er føresett finansiert med statlege midlar og bompengar.

Statlege midlar

I tråd med St.meld. nr. 16 (2008-2009) er det i Statens vegvesen sitt handlingsprogram for perioden 2010-2013 (2019) lagt til grunn 700 mill. 2010-kr i statlege midlar til prosjektet, fordelt med 300 mill. kr i første fireårsperiode (2010-2013) og 400 mill. kr i siste seksårsperiode (2014-2019). Omrekna til 2011-kr blir dette 715 mill. kr med 305 mill. kr i perioden 2010-2013 og 410 mill. kr i perioden

2014-2019, inkl. 190 mill. kr som refusjon til bompengeselskapet for forskottering av deler av føresette statlege løyvingar til prosjektet.

Forslaget til forskottering er innafor fullmakts-grensa i 2011 for forskottering, som formelt blei fastsett ved behandlinga av Prop. 63 S (2010-2011). Det vil bli inngått avtale om forskottering av 190 mill. kr som del av den ordinære avtalen med bompengeselskapet. Avtalen vil bli inngått før anleggsstart i 2011. Refusjon av de 190 mill. kr skjer i 2014–2017.

Bompengeopplegg

Det er lagt opp til å etablere bomstasjonar både på ny rv 2 og fv 175 ved SIVA. I tillegg er det føresett ein bomstasjon på framtidig lokalveg (noverande rv 2) ved Øyset. Det er lagt til grunn etterskotsinnkrevjing i automatiske, ubemanna stasjonar.

Samferdselsdepartementet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på personvernutfordringane i heilautomatiske bomstasjonar, og moglegheita for å utvikla ei anonym betalingsløy-sing som eit supplement til dagens AutoPASS-løy-sing. Arbeidet pågår.

I dei lokale vedtaka er det lagt til grunn 10 pst. flat rabatt for alle køyretøy med elektronisk brikke. For at prosjektet skal bli nedbetalt i løpet av 15 år, må den gjennomsnittlege inntekta pr. passering vera om lag 27 kr med dei føresetnadene som elles er lagt til grunn. Det gir følgjande grunntakstar (utan rabatt) i 2011-priser:

- 30 kr for lette køyretøy (tillaten totalvekt tom. 3 500 kg)
- 60 kr for tunge køyretøy (tillaten totalvekt fom. 3 501 kg)

I dei fylkeskommunale vedtaka er det føresett ei felles abonnementsordning for rv 2, og at noverande rabattstruktur på prosjektet Kløfta – Nybakk blir endra slik at alle køyretøy med elektronisk brikke får 10 pst. rabatt. Endringa skal tre i kraft når innkrevjinga på prosjektet Kongsvinger – Slomarka startar.

I St.prp. nr. 47 (2003-2004) var det lagt opp til ei ordning der abonnentar som har betalt for ei passering, skulle få 5 kr i avslag ved passering av fleire bomstasjonar mellom Kongsvinger og Kløfta innan ein time. I dei kommunale vedtaka er det gått bort frå denne ordninga. Samferdselsdepartementet legg difor til grunn at ordninga med 5 kr i avslag ved passering av fleire bomstasjonar ikkje blir innført.

Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga.

I St.prp. nr. 47 (2003-2004) blei det lagt til grunn at inntektene frå bomstasjonane i Akershus skulle delfinansiera parsellane i fylket, medan inntektene frå bomstasjonane i nærleiken av Kongsvinger skulle delfinansiera utbygginga i Hedmark. Som det går fram av dei fylkeskommunale vedtaka i punkt 3, er det no lokalpolitisk semje om at inntektene frå bomstasjonane på rv 2 kan brukast til å nedbetala den samla gjelda til bompengeselskapet. For å sikra best mogeleg samanheng mellom nytte og betaling, skal likevel innkrevjinga knytt til dei einskilde utbyggingsetappane i utgangspunktet gå til å finansiera den aktuelle utbyggingsetappen. Økonomien til dei to delprosjekta vil difor bli haldne skilt frå kvarandre. Dersom inntektene knytt til utbyggingsetappen Kongsvinger – Slomarka sviktar, er det likevel ein føresetnad at innkrevjinga knytt til etappen Kløfta – Nybakk skal halda fram i inntil 5 år for å hjelpe til med å nedbetala gjelda knytt til etappen Kongsvinger – Slomarka. Det må difor vera ei samla vurdering av økonomien i bompengeselskapet før avslutning av bompengeinnkrevjinga knytt til prosjektet Kløfta – Nybakk.

I denne proposisjonen er det lagt til grunn samla bompengeinntekter på 1 775 mill. kr i 2011-prisnivå, fordelt med 985 mill. kr til å dekkja delar av investeringskostnadene, 655 mill. kr i netto renteutgifter, inkl. kostnader ved at bompengeselskapet forskotterer delar av dei statlege løyvingane, og 135 mill. kr til å dekkja innkrevjingskostnader og kostnader til drift av bompengeselskapet.

Finansieringsplan

Finansieringsplanen for strekninga Kongsvinger – Slomarka er vist i tabell 5.1.

I styringsramma inngår 9 mill. kr til etablering av tre automatiske bomstasjonar. Vidare inngår 50 mill. kr til fv 210 og fv 175 for nødvendige omleggingar av lokalvegssystemet i Kongsvinger.

Det er venta eit forbruk på 50 mill. kr knytt til prosjektet Kongsvinger – Slomarka i 2011. Midlane er føresette stilt til disposisjon av bompengeselskapet.

Eventuelle kostnadsoverskridingar ut over prisstiging skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt. Dette inneber at kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innafor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kost-

Tabell 5.1 Finansieringsplan for rv 2 Kongsvinger – Slomarka. Mill. 2011-kr

| | 2006-2009 | 2010 - 2013 | 2014 - 2017 | Sum |
|-----------------|-----------------|-------------|-------------|-------|
| Statlege midlar | | 305 | 410 | 715 |
| Bompengar | 30 ¹ | 1 145 | -190 | 985 |
| Sum | 30 | 1 450 | 220 | 1 700 |

¹ Forskottering av utgifter til planlegging.

nadsramma er staten sitt ansvar og blir dekt med statlege midlar.

Dersom økonomien i prosjektet blir svakare enn rekna med, kan bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auka takstane med inntil 20 pst. ut over prisstiging og forlengja innkrevjingsperioden med inntil 5 år.

Andre føresetnader for finansieringsplanen

Følgjande basisføresetnader er elles lagt til grunn for finansieringsanalysen:

- Gjennomsnittleg bompengeneinntekt pr. køyre-tøy 27 kr i 2011-prisnivå
- Lånerente 6,5 pst.
- Innskotsrente 2,0 pst.
- Årleg prisstiging 2,5 pst.
- Årlege innkrevjingskostnader 9 mill. kr (sum for tre bomstasjonar)

Lånerente på 6,5 pst. føreset at det før underskriving av bompengavtalen ligg føre dokumentasjon frå ein låneinstitusjon om lån innafor denne renta i ein periode på 10-15 år. Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 15 år.

Det er også rekna på eit pessimistisk alternativ med følgjande endra føresetnader:

- Kostnadsoverslaget aukar opp til kostnadsramma, og bompengeselskapet dekkjer sin del av auken
- Halvert generell trafikkauke
- Trafikkreduksjonen aukar med 10 pst. i løpet av det første året etter opning
- Takstauke på 20 pst. etter to år

Med desse føresetnadene er innkrevjingsperioden rekna til om lag 17 år og 3 månader, dvs. ein auke på om lag 2 år og 3 månader ut over basisternativet.

6 Fylkeskommunal garanti

Som det går fram av punkt 3, har Hedmark og Akershus fylkeskommunar i møte i fylkestinga høvesvis 28. september og 29. oktober 2009 fatta vedtak om fylkeskommunal garanti for bompengeselskapet si gjeld avgrensa til 1 800 mill. kr fordelt med 900 mill. kr på kvar av fylkeskommunane.

Maksimal gjeld er i det pessimistiske alternativet rekna til om lag 1 280 mill. 2011-kr. Lånegjelda vil vera på dette nivået ved utgangen av 2015. Bompengeselskapet si lånegjeld for prosjektet Kløfta – Nybakk pr. 31. desember 2010 var på 333 mill. kr og er under nedbetaling. Det er rekna med at selskapet si samla lånegjeld for strekningane Kløfta – Nybakk og Kongsvinger – Slomarka vil vera på om lag 1 380 mill. 2011-kr ved utgangen av 2015, dvs. innafor garantiramma.

Den fylkeskommunale garantien er førehandsgodkjent av Kommunal- og regionaldepartementet, men blir ikkje endeleg godkjent før Stortinget har gjort vedtak i saka. Garantien vil fyrst koma til utbetaling dersom gjelda ikkje blir mogeleg å handtera etter at takstane er auka med inntil 20 pst. og bompengeperioden er forlengja med inntil 5 år.

7 Samferdselsdepartementet si vurdering

Rv 2 er ei viktig rute både for trafikk over grensa til Sverige og internt i regionen. Vegen har dårleg standard i forhold til trafikkmengda og ein alvorleg ulukkessituasjon.

Departementet har merka seg at Hedmark og Akershus fylkeskommunar har vurdert utbygginga av heile rv 2 mellom Kløfta og Kongsvinger som eitt bompengeprojekt, og har slutta seg til at heile strekninga skal delfinansierast med inntil 60 pst. bompengar. Første etappe som omfattar strekninga Kløfta – Nybakk blei opna for trafikk i 2006/2007. Det er lokalpolitisk tilslutning til at strek-

ninga Kongsvinger – Slomarka skal byggjast som andre etappe.

Sjølv om jordvernomsyn gjer at det er ulike syn lokalt når det gjeld trasévalg, har prosjektet brei lokalpolitisk tilslutning. Når strekninga Kongsvinger – Slomarka er ferdigstilt, står det att å byggja ut den om lag 33 km lange strekninga Slomarka – Herbergåsen – Nybakk i Sør-Odal og Nes kommunar. Fleirtalet i transport- og kommunikasjonskomitéen har i samband med Stortinget si handsaming av St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, jf. Innst. S. nr. 300 (2008-2009), lagt til grunn at Regjeringa vurderer om det er mogleg å byggja ut dei to prosjekta på rv 2 samanhengande, dvs. Kongsvinger – Slomarka og Slomarka – Herbergåsen – Nybakk. Det ligg ikkje føre tilstrekelege avklaringar til at eit samla forslag til finansieringsopplegg for dei attståande strekningane kan leggjast fram for Stortinget no. Utbygging av rv 2 på strekninga Slomarka – Herbergåsen – Nybakk vil bli vurdert i samband med Nasjonal transportplan for perioden 2014-2023. Samferdselsdepartementet har merka seg at Hedmark og Akershus fylkeskommunar har fatta vedtak om at bompengeselskapet kan forskottera midlar til planlegging av strekninga Slomarka – Nybakk. Dette blir vurdert på eit seinare tidspunkt.

Samferdselsdepartementet finn å kunna tilrå opplegget med bomstasjonar på ny rv 2 og fv 175 ved SIVA og på framtidig lokalveg som er noverande rv 2 ved Øyset. Grunnen til at det blir føreset sett bomstasjonar på fv 175 og noverande rv 2 er

for å hindra at desse vegane blir nytta i staden for ny rv 2. Samferdselsdepartementet legg vekt på at fylkeskommunane er samde om denne løysinga.

Samferdselsdepartementet har merka seg at Akershus og Hedmark fylkeskommunar har fatta vedtak som inneber at dei står som likeverdige garantistar for låneopptak i samband med utbygginga av strekninga Kongsvinger – Slomarka i Hedmark fylke. Departementet føreset difor at det blir gjennomført ei grundig samla vurdering av økonomien til bompengeselskapet før avslutning av bompengerevjuvinga knytt til prosjektet Kløfta – Nybakk.

8 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om utbygging og finansiering av rv 2 på strekninga Kongsvinger (Kurusand) – Slomarka i Hedmark, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om finansiering og utbygging av rv 2 Kongsvinger (Kurusand) – Slomarka i Hedmark.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om finansiering og utbygging av rv 2 Kongsvinger (Kurusand) – Slomarka i Hedmark i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om finansiering og utbygging av rv 2 Kongsvinger (Kurusand) – Slomarka i Hedmark

I

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevja inn bompengar til delvis bompengefinansiering av utbygginga etter vilkåra i denne proposisjonen.
2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetja nærare regler for finansieringsordninga.

